


Meland kommune, varsel om oppstart av planarbeid

I medhald av plan og bygningslova (pbl) § 12-8 vert det med dette varsla at det skal setjast i gong detaljregulering for Fossesjøen, gnr. 25, bnr. 161, 167 m.fl. i Meland kommune med planid 1256 2015 0004



Vest-Land-Eiendom AS er tiltakshavar.
Ard arealplan as er konsulent for planarbeidet.

Planområdet ligg sentralt ved Fosse nord for Fv. 564, like aust for Krossnessundet. Området ligg om lag 1 km nord for kommunenesenteret Frekhaug. Sørlege deler av området inneholder i dag spreidde enebustadar, medan nordlege deler inneholder ikkje utbygde grøntområde med skog. Det meste av området er i kommuneplanens arealdelen sett av til bustader. I sør er det eit område som er sett av til grøntområde og langs strandsona frå Krossnessundbrua og nordover er det eit område som er sett av til naust. Området er i dag ikkje regulert. I nord grensar planområdet til Reguleringsplan Fv254 frå Hatleberget til Skarpeneset (planid: 20070004).

Føremålet med reguleringsplanen er å leggjet til rette for nye bustadar av ulik karakter. Det vert også lagt til rette for uteoppphaldsareal og naustbygging. Ei førebels vurdering tilseier opp mot 200 nye bustader i området. Planarbeidet er vurdert til å ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing.

Vi inviterer til samarbeid og medverknad i den komande planprosessen. Innspel eller merknader som angår planens løysingar eller som gjeld særlige behov kan sendast skriftleg eller elektronisk til:

Ard arealplan as, Nygårdsgaten 114, 5008 Bergen, eller på e-post til post@ardarealplan.no.

Frist for merknader er satt til **7. mars 2016**.

Meir informasjon kan du få ved å kontakte Ard arealplan as på tlf. 55 31 95 00, eller ved å gå inn på www.ardarealplan.no.